



Saksbehandlar: Anne Sofie Sandvik

Kommunedirektør: Halfdan Krohn-Brekke

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/26	Formannskapet	24.03.2026

## Planprogram med konsekvensutgreiing for områdeplan i Skjold

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

[Planprogram](#) med konsekvensutgreiing for områdeplan for Skjold blir vedtatt slik det ligg føre datert 24.03.2026.

### Formannskapet 24.03.2026:

#### Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt med 9 stemmer.

### FS - 016/26 Vedtak:

[Planprogram](#) med konsekvensutgreiing for områdeplan for Skjold blir vedtatt slik det ligg føre datert 24.03.2026.

## Saksutgreiing

### Samandrag

Vindafjord kommune skal utarbeide ein områdeplan for Skjold på grunn av sterk befolkningsvekst, behov for betre planverk og ønske om å utvikle eit tydeleg og funksjonelt sentrum. Forslag til planprogram og varsel om planoppstart blei sendt på høyring i november 2025.

Det blei halde informasjonsmøte 2. desember 2025 med om lag 120 deltakarar. Totalt kom det inn 16 merknadar frå grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og andre aktørar. Hovudtema var trafikktryggleik, mjuke trafikantar, kulturminne, naturfare, møteplassar og konsekvensar av framtidig trafikkauke.

Merknadane har ført til nokre justeringar i planprogrammet, mellom anna:

- sterkare prioritering av mjuke trafikantar gjennom Skjoldavik
- presisering av at Skjoldavikvegen skal utviklast som tettstadgate
- tydelegare krav til trafikkvurderingar i konsekvensutgreiinga

- justering av målformuleringar og mindre justeringar av plangrensa i nord og sør

Planområdet utgjer no 1461 dekar. Endringane i plangrensa blir rekna som små og krev ikkje ny høyring.

Kommunedirektøren vurderer at det reviderte planprogrammet legg eit godt grunnlag for ein heilskapleg plan og ein god medverknadsprosess. Det blir tilrådd at planprogrammet med konsekvensutgreiing blir vedteke slik det ligg føre.

### **Bakgrunn for saka**

Forslag til planprogram med konsekvensutgreiing for områdeplan i Skjold og varsel om planoppstart var til behandling i FS-082/25 og vedtatt sendt på høyring. Planområdet blei i behandlinga utvida slik at heile bustadfeltet, samt det ferdigregulerte feltet nord for Skjoldalifeltet blir ein del av planen.

### **Saks- og faktaopplysningar**

Ein områdeplan er ein type reguleringsplan (i samsvar med kap. 12 i plan- og bygningslova). Det primære føremålet er å gjere naudsynte områdeavklaringar. Ein slik plan utarbeidast vanlegvis av kommunen. Områdeplanen kan gi både meir overordna områdevise avklaringar av arealbruken og innehalde detaljregulering på deler av områda. Områdeplanen kan sette krav om vidare detaljregulering og felles planlegging.

For planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 4-2. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad og behovet for konsekvensutgreiing.

Når saka blei lagt ut til høyring blei det gjort greie for forholdet til forskrift om konsekvensutgreiing (KU- forskrifta), innhaldet i planprogrammet med bakgrunnen for planarbeidet, kva me vil oppnå med planen (Del 1), rammer for planarbeidet (Del 2) og korleis me skal løyse oppgåva (del 3). Det blir vidare gjort greie for planprosess og medverknad med framdriftsplan.

#### Planprosess

Vindafjord kommune er forslagsstillar med kommunestyret som oppdragsgjevar for planarbeidet. Prosjekteigar er kommunalsjef samfunnsutvikling. Formannskapet vil vere styringsgruppe for planarbeidet

#### Varsel om oppstart og høyring av planprogram

Varsel om oppstart og høyring av planprogram blei sendt ut 06.11.25 og frist for å komme med merknadar var 31.desember 2025. Ved ein feil blei ikkje forlaget sendt til statens vegvesen og kommunen mottak merknad frå dei 27.01.26.

I samband med høyring av planprogrammet blei det arrangert eit ope informasjonsmøte om planprogrammet, planprosess og planarbeidet. Informasjonsmøte var på Skjold arena tysdag 02.12.25. Det møtte ca 120 stykk på møte.

Det er også påpeikt i denne fasen med tidleg medverknad at jamn informasjon om arbeidet er viktig både i møter og brev/internett/sosiale media. I første omgang er det oppretta ei eigen side på Vindafjord kommune sine heimesider: [Områdeplan for Skjold](#). Her ligg også presentasjon og notat frå dette møte.

### **Innkome merknadar/uttale frå partar**

Det er komme 16 merknadar til planprogrammet og oppstart av planarbeid, og dei tek opp ei rekkje ulike forhold. Nokre gjeld innhaldet i planen, med konkrete forslag. Andre er meir temaorienterte eller tek opp forhold som bør greiast nærmare ut i planarbeidet.

Det kom inn **16 fråsegner** fordelt på følgjande kategoriar:

- **Grunneigarar og naboar:** 8 uttalar – hovudtema er trafikktryggleik, gang- og sykkelstiar, møteplassar, kulturminne og forslag til arealformål.
- **Offentlege myndigheiter:** 6 uttalar – fokus på samordning med kommuneplan, trafikktryggleik, naturfare, kulturminne, ROS-analyse og tekniske krav.
- **Fråsegn frå Haugaland interkommunale miljøverk:**– gjeld renovasjon, tungtrafikk til miljøpark og universell utforming.
- **Andre:** 1 uttale frå bevar Ålfjordens perle – peikar på trafikkauke knytt til havvindprosjekt på Dommersnes.

#### Hovudtema i innspela:

- Trafikktryggleik, kryssutbetring og avlastingsveg, betre tilrettelegging for mjuke trafikantar.
- Kulturminne og lokalhistorie som del av planarbeidet.
- Naturfare, ROS-analyse og klimarisiko.
- Behov for møteplassar, grøntområde og universell utforming.
- Konsekvensar av framtidig trafikkauke og tungtransport.

#### Vurdering

Merknadane er samanfatta og kommentert i vedlegg *oppsummering av merknadar planprogram* . Kommunedirektøren har i vedlegget vurdert kvar merknad og vurderingane har ført til følgjande endringar i planprogrammet:

Planprogrammet blir styrkt med tydeleg presisering av at mjuke trafikantar skal prioriterast gjennom Skjoldavik og at Skjoldavikvegen skal utviklast som tettstadgate med fortrinn for gåande og syklende. Dette inkluderer også presisering i kapittelet om utgreiingar med særleg fokus på mjuke trafikantar.

I krav til konsekvensutgreiinga etter KU-forskrifta for trafikk blir trafikk i Skjoldavigvegen særleg spesifisert.


Målformuleringane blir utvida til å presisere at kommunen skal:

- **Byggje eit sterkt sentrum ved å vidareutvikle sentrumsanalysen for Skjold frå 2020.**
- **Tilgang til natur og turtilbod i gangavstand med særleg tilgang til strandsona.**

#### Planområdet

Planområdet er stort og utgjer 1461 dekar. Formannskapet vedtok å utvide slik at heile bustadfeltet, samt det ferdigregulerte feltet nord for Skjoldalifeltet blir ein del av planen.

Som følge av merknad frå Øyvind Haraldseid og frå Stavanger maritime museum blir plangrensa justert litt i nord og sør. Det blir lagt inn noko meir areal i nord for mogleg nytt bustadareal etter innspel frå Øyvind Haraldseid. Sidan dette er ei lita endring i favør innspel frå grunneigarar, er det ikkje behov for ny høyring. I sør blir plangrensa trekt inn til strandsona. Då det ikkje er lagt opp til planlegging av sjøareal eller nye tiltak i sjøen gjennom dette planarbeidet vil arkeologisk registrering i sjø ikkje vere aktuelt. Plangrense i svart, sjå figur under, er ny plangrense. Raud stipla grense var slik den blei sendt på høyring.



### Oppsummering

Kommunedirektøren vil gjere merksam på at det er planprogrammet som nå kjem opp til behandling. Dette er ei «oppskrift» på korleis planen skal utarbeidast. Planprogrammet gjer greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegget for medverknad og behovet for konsekvensutgreiing.

I det påfølgande skal konsekvensutgreiinga utarbeidast på grunnlag av dette og leggast til grunn for arbeidet med reguleringsplanen. Konsekvensutgreiinga og andre utgriingar skal følgje planforslaget i den vidare planprosessen og danne grunnlaget for planforslaget som skal utarbeidast.

Det er kommunedirektøren si vurdering at planprogrammet med endringar vil sikre ein heilskapleg plan for infrastruktur og det offentlege rom. Ein god medverknadsprosess vil gi planprosessen rom for å skape eigarskap og entusiasme for ein berekraftig utvikling av bustad og sentrum.

### **Kommunedirektøren sin konklusjon**

[Planprogrammet](#) er endra i tråd med kommunedirektøren sine forslag til justeringar.

Kommunedirektøren rår til at planprogrammet med konsekvensutgreiing blir vedtatt slik det ligg føre datert

**Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**